

VEDTEKTER

SunnPodium

ARBEIDSLIVSKONFERANSE MED RESULTATFOKUS

Endring av § 12, punkt 13 etter årsmøtet i 2016.

§ 1 FORENINGA SITT NAMN

Foreininga sitt namn er Sunnpodium, og er stifta 25. april 2014.

§ 2 FØREMÅL

Sunnpodium har som føremål å drive opplysningsverksamd, nettverksbygging og kompetansebygging til beste for innbyggjarane i Sunnhordland. Sunnpodium har til føremål å vere ein møteplass og brubbyggjar mellom arbeidsgjevarar, arbeidstakar og offentlege mynde i Sunnhordland. Sunnpodium skal stimulere til auka samarbeid som igjen skal styrkje den sosiale fellesskapet i nærmiljøet og byggje nettverk, mobilisere til å skapa eit betre lokalsamfunn.

§ 3 FORRETNINGSKONTOR

Sunnpodium sitt forretningskontor er i Bømlo Kommune.

§ 4 JURIDISK PERSON

Foreininga er sjølveigande og ein frittstående juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 5 MEDLEM

Alle frivillige lag/organisasjonar og verksemdar i Sunnhordaland kan bli medlem i Sunnpodium.

§ 6 STEMMERETT

Alle medlemmene har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga.

§ 7 **KONTINGENT**

Kontingenten blir fastsatt av årsmøtet og blir betalt forskotsvis. Kontingenten i stiftingsåret er satt til 200 kr pr. medlemslag.

Medlem som skuldar kontingent for meir enn eit år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og kan av styret strykast som medlem av foreininga. Blir eit medlem stroke, kan det ikkje takast inn att før skuldig kontingent er betalt.

§ 8 **TILLITSVALDE SI GODTGJERSLE**

Tillitsvalde kan ta i mot rimelig honorar for sitt arbeid samt refusjon for faktiske utgifter. Utgifter til godtgjersle og refusjon for faktiske utgifter skal gå fram av budsjett og rekneskap.

§ 9 **ÅRSMØTET**

Årsmøtet er foreininga sitt høgaste organ. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 31. mars.

Det vert innkalla av styret med minst 14 dagars varsel, direkte til medlemmene og/eller ved kunngjering i pressa. Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vera sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må være tilgjengeleg for medlemmene seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitera andre personar og/eller media til å vera til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det antall stemmeberettiga medlemmer som møter. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegiving kan ikkje skje med fullmakt.

På årsmøtet kan ein ikkje behandle vedtektsendring som ikkje er oppført på sakslista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan behandlast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjersle kan berre takast i samanheng med godkjenning av sakslista.

§ 10 **LEIING AV ÅRSMØTET**

Årsmøtet vert leia av valt dirigent. Dirigenten treng ikkje vera medlem av Sunnpodium . Styret kan komme med framlegg til dirigent.

§ 11 **STEMMEGIVING PÅ ÅRSMØTET**

Med mindre anna er avgjort skal eit vedtak for å bli godkjent ha alminneleg fleirtal av dei angjevne stemmer. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje gjevne.

Personval føregår skriftleg dersom det førelegg meir enn eit framlegg. Berre føreslegne kandidatar kan førast opp på stemmesetelen. Skal fleire veljast med same avstemming, må stemmesetlane innehalda det antal forskjellige kandidatar som det skal veljast ved vedkommande avstemming. Stemmesedlar som er blanke eller som inneheld ikkje foreslegne kandidatar, eller har tal kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje, og stemmane skal an sjåast som ikkje gjevne.

Dersom ingen får meir enn halvdelen av dei angjevne røystene ved første valomgang, skal det haldast omval mellom dei to som har fått flest røyster. Dersom dei to kandidatane då får like mange røyster, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

Dersom fleire styremedlemmer skal veljast på same stemmesetel, må tal kandidatar oppnå over halvparten av stemmene. (Gjeld ikkje vararepresentantar.) På kandidatar som ikkje oppnår halvparten av stemmene, vert det gjennomført bunde val av disse. Dei/den som får mest stemmer, blir valt, dersom like mange røyster blir det val med loddtrekning.

§ 12 **ÅRSMØTET SINE OPPGÅVER**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar
3. Val av referent og to personar til å skrive under protokollen saman med møteleiaren
4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
5. Disponering av årsoverskotet eller dekking av eventuelt underskot
6. Behandle og godkjenne budsjett for inneverande år
7. Behandle innkomne framlegg
8. Fastsetja kontingent
9. Fastsetje eventuell godtgjersle til dei ulike tillitsverva
10. Val av styremedlem og varamedlem
11. Val av styreleiar og nestleiar innan styret
12. Val av medlem til valnemnd etter framlegg frå styret. Val av leiar for nemnda
13. Val av revisor
14. Godkjenne godtgjersle til revisor

§ 13 **STYRET**

Sunnpodium skal ha eit styre med 6 medlemmer og to varamedlemmer.

Funksjonstida er to år, likevel slik at tre av dei årsmøtevalde styremedlemmene er på val eit år og to er på val året etter. Ved stifting av foreininga første år, står to medlemmer for val i eit år, og 3 medlemmer for 2 år.

Dei årsmøtevalde varamedlemmene vert valde for eit år om gongen.

Årsmøtet vel styreleiar og nestleiar annan kvart år mellom dei 5 valde styremedlemmene. Kvar kandidat blir vald for ein 2 års periode.

Styret skal vera samansett mest mogleg breitt. Det skal vera representantar frå både offentlige, bedrifter og fagrørsla i styret med minst et styremedlem pr. gruppe.

§ 14 **STYRET SINE GJEREMÅL**

Styret sine gjeremål er m.a.:

- å leia foreininga i samsvar med vedtektene og vedtak på årsmøtet
- oppnemna etter behov komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeida ulike instruksar for disse
- administrera og føra nødvendig kontroll over Sunnpodium sin økonomi i samsvar med dei til kvar tid gjeldande instruksar og reglar
- fremja forslag på valnemnd til årsmøtet
- representera Sunnpodium utad
- godkjenne opptak av nye medlemmer

Styret skal halda møte når leiaren forlangar det, eller eit fleirtal av styremedlemmene set fram krav om det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemmene er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av angjevne stemmer. Dersom like mange stemmer, tel møteleiaren si stemme dobbelt.

§ 15 **MØTEBOK**

Det skal førast møtebok over styresakene. Møteboka skal som minimum opplysa om tid og stad, deltakarane, behandlingmåten og styrevedtaka. Møteboka skal leggjast fram i samband med årsmøtet.

§ 16 **VALNEMND**

Sunnpodium skal ha ei valnemnd på tre medlemmer. Medlemmene i valnemnda er valde for to år om gongen, men slik at ein går ut anna kvart år.

Ved første val etter at dei reviderte vedtektene er endeleg vedtekne, vert eit av medlemmene vald for eit år. Årsmøtet vel leiar.

Valnemnda skal leggja fram for årsmøtet framlegg til styremedlemmer, varamedlemmer, styreleiar og nestleiar.

§ 17 **VEDTEKSENDRINGAR**

Årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte kan med to tredjedels fleirtal av dei gjevne røystene gjera vedtak om å endra vedtektene. For å vera gyldige må vedtektsendringar vedtakast av to årsmøte, som også kan vera ekstraordinære årsmøte.

§ 18 **OPPLØYSING AV FØRETAKET**

Oppløysing av Sunnpodium kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Bliir oppløysning vedtatt med 2/3 fleirtal, vert det kalla inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare.

Samanslutning med andre foreiningar vert ikkje sett på som oppløysing av Sunnpodium. Vedtak om samanslutning og nødvendige vedtektsendringar i tilknytninga til dette, vert avgjorde i samsvar med bestemelsane om vedtektsendring, jfr. § 17. Har foreininga midlar i oppløysingsaugneblinken, kan årsmøte berre gje desse til ålmennyttige tiltak.

§ 19 **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom styret finn det nødvendig eller tenleg, eller revisor eller minst ein tredjedel av medlemmene set fram skriftleg krav om slikt møte.

Årsmøtet skal då haldast innan ein månad etter at kravet er sett fram.

Det vert kalla inn på same måte som for ordinære årsmøte, med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama og ta avgjerder i dei saker som er kunngjort i innkallinga.